

SPRÅKRÅDET

┌
Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

└

REF.
2006/01001 KU/KU2 CHA

VÅR REF.
200600117-2 MH

DATO
19. mai 2006

Høyringsfråsegn om ny forskrift om skrivemåten av stadnamn

Vi viser til høyringsbrev datert 21.3.2006 og takkar for at vi har fått utsett høyringsfristen nokre dagar.

Språkrådet seier seg nøgd med at arbeidet med å revidere og forenkle stadnamnlova og forskrifta no snart er fullført. Språkrådet uttaler seg her hovudsakleg om generelle spørsmål og om spørsmål som gjeld norskspråklege namn.

UTKAST TIL FORSKRIFT

§ 1 Definisjonar

Første leddet: ”som er munnleg og skriftleg overlevert” (vår utheving): Det er ikkje godt å forstå kva som er meint her, om det er noko anna enn all skriftleg bruk av namnet. Tredje leddet: ”Med primærfunksjon ...”: Definisjonen gjev ikkje klår mening.

§ 2 Generelle reglar om skrivemåten av stadnamn

Det tredje leddet gjeld meir spesielle namn og språklege detaljspørsmål. Dette leddet kan heller stå sist i paragrafen, eventuelt flyttast til rettleiinga. Vi har innvendingar mot denne setninga:

”Ved oppkalling etter historiske personar skal ein bruke den skrivemåten vedkommande person brukte sjølv.”

Vi minner om at det finst offisielle retningslinjer for korleis namn på historiske personar (og historiske stader, hendingar osv.) skal skrivast, og reglane om skrivemåten av stadnamn må samsvare med desse retningslinjene. Retningslinjene kjem på linje med normering av rettskrivinga generelt. Vi viser til listene med historiske (og geografiske) namn på nettsidene til Språkrådet:

<http://www.språkrådet.no/templates/Page.aspx?id=136>

Nokre hovudpunkt i retningslinjene: Norske namn etter 1700 skal skrivast etter skrivemåten i samtida. Personnamn frå eldre tid har gjerne skrivemåtar som har innarbeidd seg gjennom ein lengre tradisjon. Til dømes skriv vi kongenamn frå mellomalderen som *Harald*, *Sigurd* og *Sverre* i moderne norsk form og ikkje slik

det vart gjort mens dei levde (*Haraldr, Sigurðr, Sverrir*). Vi fornorskar danske og svenske kongenamn, t.d. *Kristian, Fredrik og Karl Johan*, og vi skriv *Tordenskjold* (ikkje *Tordenskiold*). Namn frå norrøn mytologi som *Loke, Njord og Midgard* er òg med på lista over historiske namn.

Vi har òg merknader til denne setninga:

”Ved oppkalling etter litterære personar skal ein bruke den skrivemåten som er brukt i det verket namnet er henta frå.”

Denne regelen er ikkje utan vidare eintydig. Somme litterære namn har vorte endra i nye utgåver av verka, anten av forfattaren sjølv eller av andre. Tenkjer ein på eventyrutgåver, har gjerne skrivemåten av namna på eventyrfigurar vorte modernisert i nye utgåver. Også namn i omsette litterære verk har gjerne vorte moderniserte om dei har komme i nye utgåver på norsk. Difor kan det vere like rimeleg at ein bruker den namneforma som høver best med moderne rettskriving, dersom namnet på ein litterær person finst i fleire skrivemåtar.

§ 3 Normering av lydleg lånte stadnamn

Overskrifta kan gjerne gjerast tydelegare, t.d. slik: *Normering av lydleg lånte stadnamn i fleirspråklege område*. Dermed harmonerer overskrifta betre med dei andre paragrafitilane.

Døma i andre og tredje leddet er ikkje klårt formulerte. I det første dømet er det vel meint at norsk *Badderren* er ei innarbeidd namneform som er lydleg lånt frå samisk. I det andre dømet er det venteleg slik at kvensk *Kiiperi* er den innarbeidde namneforma som er lydleg lånt frå norsk. Det siste dømet skal vel forståast slik at den samiske namneforma *Ádjit* blir brukt som ei ikkje-innarbeidd namneform i norsk (og kvensk?).

Også døma i det fjerde leddet kan gjerne gjerast meir eksplisitte. Dei første døma skal vel forståast slik at førsteledda er lånte frå samisk og skal skrivast som sitert, mens i dei andre døma er førsteledda òg lånte frå samisk, men tilpassa norske normeringsreglar.

§ 4 Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn

Første leddet : ”veljast ei hovudform eller sideform” (vår utheving): Denne ordlyden er uheldig fordi bokmålsrettskrivinga no ikkje lenger (frå 1. juli 2005) har noko skilje mellom hovud- og sideformer; det kan òg komme på tale å gjere tilsvarande endring i nynorsk. Som andre har peikt på, kan ein bruke formuleringa ei tillaten form i staden.

Andre leddet: Leddet kan gjerne flyttast ned (det tredje leddet er meir generelt og bør stå tidleg). Ein må få fram at dette gjeld bruksnamn, og dessutan bør ein bruke kjønnsnøytral uttrykksmåte: ”den skriftforma han ønskjer” (vår utheving) > ”den skriftforma han eller ho ønskjer”.

Fjerde leddet gjeld òg språklege detaljar og kan gjerne flyttast til rettleiinga.

§ 5 Særlege reglar om skrivemåten av samiske stadnamn

§ 6 Særlege reglar om skrivemåten av kvenske og finske stadnamn

Det står nokså detaljerte reglar i desse to paragrafane jamført med det som står om norske stadnamn. Vi foreslår at ein del av detaljane blir flytt til forskriftene.

Dei to siste linjene i § 5 gjeld vel samisk generelt og ikkje berre sørsamisk; det bør i så fall gå fram typografisk (ikkje innrykk som no).

§ 8 Bruk av fleirspråklege namn

Tredje leddet, setninga: ” På skilt eller kart o.l., der det blir brukt meir enn eitt namn, skal ein ved fastsetjing av rekkjefølgja av namn ta omsyn til den etniske samansetninga på staden.” Det er viktig at ein finn fram til måtar å ta i bruk dei samiske og kvenske namna på, men vi ser ein fare for at regelen blir vanskeleg å praktisere. I staden for ”den etniske samansetninga på staden” bør det heller stå ”den tradisjonelle språkbruken på staden (norsk, samisk, kvensk)”.

§ 9 Saksbehandling

”Saker om fastsetjing av skrivemåten av stadnamn må takast opp med det organet som etter stadnamnlova § 5 andre til fjerde ledd skal gjere vedtak om skrivemåten.”

Setninga har passiv form, og det står ikkje *kven* som kan ta opp saker med eit vedtaksorgan. For å gjere det tydeleg at kven som helst kan ta eit slikt initiativ, kan ein omformulere til t.d.: ”Dei som vil ta opp saker om fastsetjing av skrivemåten av stadnamn, må ta dei opp med det organet som ...”

§ 14 Stadnamnkonsulenttenesta

”Det skal oppnemnast to namnekonsulentar”: I § 12 om klagenemnda står det at det skal oppnemnast ein språkkunnig representant for kvar av dei to offisielle målformene. Det har vore sedvane at dei to namnekonsulentane i kvar region òg representerer kvar si målform. Vi vil stille spørsmålet om det kunne vere rett å stadfeste det skriftleg.

Nemninga ”universitetsområde” er ikkje råkande m.a. fordi det ikkje svarer til noka naturleg inndeling, og fordi det no er meir enn fire universitet.

§ 15 Sentralt stadnamnregister

Vi er kjende med at Statens kartverk i høyringsfråsegna si foreslår å endra formuleringa på fleire punkt, m.a. slik at både skrivemåten av namnet og status for skrivemåten (vedteken, godkjend, avslått mm.) skal gå fram. Språkrådet stør den foreslåtte endringa, fordi det er viktig å vere merksam på at mange av namna i SSR ikkje har vore gjennom ei namnefagleg vurdering, men kan ha ei meir tilfeldig eller uheldig form.

UTKAST TIL RETTLEIING

Den nye rettleiinga bør vere mest mogleg nyttig i saksbehandlinga og i informasjonen generelt om stadnamnarbeidet. Vi stør at rettleiinga blir endra i den retninga som Statens kartverk foreslår i høyringsfråsegna si.

1. Ordforklaringar og definisjonar

Generelt: Det står ordforklaringar og definisjonar både i lova og i utkasta til forskrift og rettleiing (éi ordforklaring, av ”rettskrivingsprinsipp”, står to stader). Det kan truleg vere nyttig å ha desse ordforklaringane og definisjonane samla på éin stad. Det kan kanskje vere fleire omgrep som det kan vere nyttig å forklare, t.d. *spirant* og forkortingane *SSR* og *GAB*.

Gjeldande rettskriving: Her kan det gjerne stå slik: ”i godkjende ordlister” (vår utheving) > ”i godkjende ordbøker og ordlister”, fordi standardordbøkene Bokmålsordboka og Nynorskordboka gjev offisiell rettskriving.

Intervokalisk konsonant har fått feil definisjon.

Jamveksord: Uttrykket ”jamt trykk” blir gjerne klårare om ein skriv ”likt trykk”.

Namn på grend: Er det *grend* eller *grendenamn* som bør forklarast?

Normere: ”godkjende ordlister” > ”godkjende ordbøker og ordlister”

Sideform: Synonymet *klammeform* bør òg nemnast.

I staden for nemninga *gammalnorsk* kan ein vurdere å bruke *norrønt*. I dei fleste tilfelle er det den standardiserte språkforma norrønt det er aktuelt å vise til.

2. Om skrivemåten av stadnamn – nokre presiseringar

a) i. Overskrifta ”Kjønn og tal” bør endrast til t.d. ”Kjønn, tal og form” (vår utheving)

d) Setninga bør byrje slik: ”Dei spesialteikna som inngår i samisk og kvensk rettskriving, ...”

GENERELT OM UTKASTA

Det er ein del bøyingsfeil, språklege inkonsekvensar o.l. i dei to høyringsutkasta, medrekna skrivemåtar som skal følgje lov om målbruk i offentleg teneste. Det trengst grundig språkleg kvalitetssikring for å rette opp dokumenta. Sidan namnekonsulenttenesta er eit statsorgan, skal ho ha namneform både på bokmål og nynorsk. Det er uavhengig av tenestemålet til kvar namnekonsulentteneste. Dessutan vil vi peike på at det er skiftande nemningsbruk i utkasta når det gjeld desse tenestene. Det vekslar mellom *stadnamnkonsulentar* og *namnekonsulentar*, mellom *stadnamnkonsulenttenesta* og *namnekonsulenttenesta*. Det ville vere ein fordel om dette vart samordna.

Med helsing

Sylfest Lomheim
direktør

Marit Hovdenak
rådgjevar